



MØTEBOK

Styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as

Tidspunkt: Tysdag 20.06.17 klokka 1800

Stad: Telefonmøte

Møtedeltakarar: Vebjørn Håvardrud (ØNF), Torleif Fresvik (Røldal FS), Steinar Langesæter (Ullensv. FS), Lars Kristian Eidnes (Eidfjord FS), Marit Jortveit (Rauland FS), Eivind Tokheim (Odda FS), Torgils Eide (HG), Sveinung Olsnes (sekretær) og Georg Gjøstein (dagleg leiar)

Forfall: Knut Sygnestveit (Ulvik FS)

Andre tilstades på møtet:

Saker til styremøtet

Sak 13/17: Referat og meldingar

Sak 14/17: Revidering av mal for samarbeidsavtale

Sak 15/17: Sanksjonar ved lovbrøt på Statsallmenning

Sak 16/17: Val av medlem til ROU

Sak 17/17: Endringar i rekneskapen for 2016

Sak 18/16: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet.

Vebjørn Håvardrud/s/ Steinar Langesæter/s/

Eivind Tokheim/s/ Marit Jortveit/s/ Lars Kristian Eidnes/s/

Torgils Eide/s/ Torleif Fresvik/s/ Georg Gjøstein/s/

Sak 13/17: Referat og meldingar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Ingen merknader til innkalling eller referat frå førre møte. Det er ikkje meldingssaker å referere.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 14/17: Revidering av mal for samarbeidsavtale mellom Fjellstyra på Hardangervidda as og kvart enkelt fjellstyre.

Saksdokument:

Utkast til avtalemal for samarbeidsavtale 2018-2022

Sakssutgreiing:

Gjeldande samarbeidsavtaler mellom Fjellstyra på Hardangervidda as og fjellstyra varar fram til 31.12.17. Avtalene skal reviderast innan 30.06.17.

Utkast til mal for samarbeidsavtale bygger på tidlegare malar med nokre mindre oppdateringar. I punkt 5, som konkretiserar arbeidsoppgåvene, er det teke inn alle typer gjeremål som fjelloppsynet vanlegvis tek hand om. Fjelloppsynet sitt arbeid må samordnast med eventuelt dugnadsarbeidet som blir utført for fjellstyra.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Orientering ved dagleg leiar.

Vedtak:

Styret godkjenner framlagde utkast til samarbeidsavtale mellom FH as og fjellstyra.

Samrøystes

Sak 15/17: Sanksjonar ved lovbrøt på Statsallmenning

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Styret i FH as gjorde i møte i mars vedtak om å sende denne saka ut på høyring til alle fjellstyra. Saka skulle så opp att på møte no i juni. Målet var å ha på plass felles retningslinjer for sanksjonar ved lovbrøt. Under er saksutgreiinga frå saka i mars:

Fjellova § 25, tredje ledd gjev fjellstyret rett til å nekte å skrive ut jaktkort til personar som dei tre siste åra er straffedømte eller som har vedteke førelegg for brot «mot nokor førsegn om jakt».

Det betyr at alle reglar som vert vedteke av fjellstyret i medhald av §23, tredje ledd vil ligge til grunn for moglege sanksjonar i tillegg til andre føresegner om jakt, jfr § 25, tredje ledd.

Det ligg og i dette regelverket at ein jeger kan utestengast frå den datoen ein rettskraftig dom ligg føre eller frå den datoen jegeren har vedteke førelegg. Utestenginga kan vere opp til 3 år. Fjellstyret må i si handsaming av desse sakene vurdere kor alvorleg brotet har vore og kor lenge ein jeger skal utestengast frå jakt på Statsallmenning. Det vil vere avgjerande for folks oppfatning av lik handsaming at desse sakene vert handsama likt frå fjellstyret til fjellstyre. For å sikre dette vil felles retningslinjer for handsaming av desse sakene vere avgjerande. Sakshandsamar føreslår fylgjande retningslinjer for sanksjonar ved overtreding av føresegner om jakt på Statsallmenning på Hardangervidda:

Utestenging i 3 år:

Alle brot på § 19 om inhuman jakt, herunder også uforsvarleg omgang med våpen og skyting mot manglande bakgrunn.

Brot på viltlova § 24, bruk av fangstredskap som ikkje er lovlege.

Brot på viltlova § 25, bruk av gift

Jakting utanom jakttid og på andre freda artar, herunder i fredningssoner fastsett av fjellstyret
Felling av rein utan gyldig fellingsløyve i det heile (dvs manglar fellingsløyve totalt for heile vidda)

Andre tilhøve der jeger vert idømt fengselsstraff for brot på jaktføresegner.

Utestenging i 2 år:

Alle brot på viltlova § 21, bruk av motorkjøretøy under jakt

Brot på viltlova § 22, jakt på symjande dyr.

Felling av rein utan fellingsløyve på det dyret som er felt og/eller jaktar på Statsallmenning utan løyve med kort frå andre vald.

Jaktar utan gyldig skyteprøve

Jaktar utan jegeravgift

Utestenging i 1 år:

Brot på viltlova § 23, drevjakt med hund

Mindre brot på ulike føresegner om jakt

Det har kome inn fylgjande uttaler/vedakt frå dei ulike fjellstyra:

Øvre Numedal Fjellstyre:

Øvre Numedal fjellstyre er i all hovudsak enig i FH sitt forslag til oppfølging av saker i.h.t. § 25, 3.ledd i Fjellova for brudd «mot nokor føresegn om jakt.»

På dette punktet ønsker vi endring:

1. Utestenging i 3 år.

a) «Jakting utanom jakttid og på andre freda arter, herunder fredningssoner fastsatt av fjellstyret.»

Punktet om «fredningssoner» må flyttes til «utestenging i 1 år.»

Eidfjord Fjellstyre:

Felling av rein utan fellingsløyve på det dyret som er felt og/eller jaktar på Statsallmenning utan løyve med kort frå andre vald. Års utestenging

1 års utestenging: behov for spesifisering av føresegner.

Rauland Fjellstyre:

Rauland Fjellstyre har ikkje merknader til framlagde forslag til sanksjonar og ynskjer at det vert arbeidd vidare med dette.

Røldal Fjellstyre:

Røldal Fjellstyre ser positivt på at det vert laga felles retningslinjer for bruk av § 25 i Fjellova.

Røldal Fjellstyre har ikkje merknader til saksutgreiinga i FH as slik det ligg føre og ynskjer at det vert jobba vidare med saka i styret i FH as.

Fellesstyret for Ullensvang Statsallmenning:

Fellesstyret meiner det er uklart om fjellstyra kan handheve ei slik ordning. Det er uklart om fjellstyra har rett til å få tilgang på info om til dømes nokon av deira søkarar på reinskort er dømde. Fellesstyret etterspør meir informasjon om korleis ei slik felles løysing kan handhevast. Samrøystes vedteke.

Ulvik Fjellstyre :

Har ikkje handsama saka

Av høyringssvara kan ein lese at dei fleste fjellstyra i all hovudsak stiller seg bak forslaget som er utarbeidd.

Ullensvang stiller spørsmål ved om korleis ein kan handheve ei slik ordning. Dette må bli opp til fjelloppsynet å følgje opp, noko som vil vere enkelt. Det er ingen tvil om at fjellstyret har rett til å få denne informasjonen dersom nokon vert melde og dømde for lovbrøt på deira statsallmenning.

Dersom nokon er dømde for lovbrøt andre stader i landet er det sjølvsagt ikkje lett å vite om dette. Det blir på same måte som at private grunneigarar ofte ville utestenge jegerar som ikkje oppførte seg skikkeleg på sine eigedommar. Desse grunneigarane vil heller ikkje kunne vite om nokon har oppført seg dårleg/brote lova i andre område.

Eidfjord har ein litt uklar tekst i sitt vedtak, men det vert tolka som at dei vil flytte *Felling av rein utan fellingsløyve på det dyret som er felt og/eller jaktar på Statsallmenning utan løyve med kort frå andre vald* til 1 års utestenging. Det vert og etterlyst spesifisering av «andre føresegner» i 1 års utestenging.

Sakshandsamar vil her tilrå at ein er varsam med å gjere ulovleg jakt på Statsallmenning til eit mindre lovbrøt. Når det gjeld spesifisering av andre føresegner så ser sakshandsamar dette som vanskeleg då ein har svært mange mindre føresegner som omhandlar jakt. Det vil her måtte bli det enkelte fjellstyre som vurderar kvar sak individuelt.

Øvre Numedal er i all hovudsak einige med framlegget, men ynskjer endring på eit punkt.

b) «*Jakting utanom jakttid og på andre freda arter, herunder fredningssoner fastsatt av fjellstyret.*»

Punktet om «fredningssoner» må flyttes til «utestenging i 1 år.»

Sakshandsamar er ikkje einig i dette framlegget då ein med dette undergrev fjellstyret sitt eige vedtak. Brøt på fredningssonene er etter sakshandsamars vurdering eit meir alvorleg brøt enn punktet om å jakte utan grunneigars løyve (jfr punktet *Eidfjord* vil flytte), men kan likevel til ein viss grad sidestillast. Rettspraksis på dette kom etter jakting og bøtelegging av jegerar som jakta i fredningssona i *Eidfjord*. Dei fekk bøter som låg ca 25 % over det ein kunne forvente dersom dei hadde jakta utan grunneigars løyve. (Jfr håndevingsdirektivet utarbeidd av politijuristar rundt Hardangervidda).

Dei andre fjellstyra har ikkje merknader til framlegget.

Sakshandsamar vurderer at forslaget til *Eidfjord* og *Øvre Numedal* må sjåast under eitt. Dei to tinga heng saman og det vert vurderer at jakting i fredningssone er noko meir alvorleg enn jakt utan grunneigars løyve. Likevel kan dei to tilfella til ein viss grad sidestillast. Dersom ein ser på historisk bøtenivå i desse sakene og samanliknar med andre mindre alvorlege saker vurdererast det at det blir feil å legge seg på eitt års utestenging her. Etter sakshandsamar si vurdering kan ein forsvare få flytte ned jakt i fredningssoner fastsett av fjellstyret til 2 år. Jakt utan jaktkort eller grunneigars løyve bør bli ståande på 2 år, då desse tilfella kan samanliknast med jakt i fredningssoner.

Sakshandsamar ynsker å poengtere at desse retningslinjene er rettleiande og ikkje bindande for ei framtidig handsaming i saker i dei ulike fjellstyra. Det er framleis dei einskilde fjellstyra om skal gjere vedtaka i dei konkrete tilfella og er ikkje bundne av desse retningslinjene på nokon måte. Dette er berre meint som ei hjelp til fjellstyret i handsaminga av sakene og som ein lekk i at jegerar skal bli handsama nokonlunde likt på Hardangervidda.

Framlegg til vedtak:

Styret i FH as ynskjer at ovanfor nemde retningslinjer for brøt på jaktføresegner skal gjerast gjeldande i handsaming av saker hjå dei ulike fjellstyra på Hardangervidda. Det skal gjerast fylgjande endringar:

«jakting i fredningssoner fastsett av fjellstyret flyttast frå 3 år til 2 års utestenging.

Retningslinjene er rettleiande og ikkje bindande for fjellstyret.

Referat:

Kort orientering ved sekretær og styreleiar.

Kort diskusjon og orientering ved Torleif Fresvik. Styret samlar seg om framlegg til vedtak.

Vedtak:

Styret i FH as ynskjer at ovanfor nemde retningslinjer for brot på jaktføresegner skal gjerast gjeldande i handsaming av saker hjå dei ulike fjellstyra på Hardangervidda. Det skal gjerast fylgjande endringar:

«jaktning i fredningssoner fastsett av fjellstyret flyttast frå 3 år til 2 års utestenging.

Retningslinjene er rettleiande og ikkje bindande for fjellstyret.

Sak 16/17: Val av medlem til ROU

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Det må velgjast eit medlem blant fjellstyra til styrerepresentasjon i ROU for Hardangerviddaområdet.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Forslag til representantar:

Medlem: Marit Jortveit (Rauland Fjellstyre)

Vara: Steinar Langesæter (Ullensvang Fjellstyre)

Frå før er Erling Nesbø (Aurland Fjellstyre) medlem.

Vedtak:

Fjellstyra på Hardangervidda vel desse representantane til ROU:

Medlem: Marit Jortveit (Rauland Fjellstyre)

Vara: Steinar Langesæter (Ullensvang Fjellstyre)

Samrøystes

Sak 17/17: Endringar i resultatrekneskapen for 2016

Saksdokument:

Rekneskapen for 2016, korrigert

Saksutgreiing:

Rekneskapen for 2016 vart lagt fram for styret i styrmøte i mars 2017. Den framkom då med eit underskot på ca 15000.

Etter dette har rekneskapen vorte korrigert og framkjem no med eit overskot på kr 60 722,-. Dagleig leiar informerar om endringane i møtet.

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande og ynsker å leggje korrigert rekneskap fram for generalforsamlinga for godkjenning.

Referat:

Orientering ved dagleg leiar.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande og ynsker å leggje korrigert rekneskap fram for generalforsamlinga for godkjenning.

Samrøystes

Sak 18/17: Eventuelt

Saksdokument:**Saksutgreiing:****Framlegg til vedtak:****Referat:**

Ingen saker.

Vedtak: